

Brazzooka i elden - også til Haugesund

03.04.2011



Brazzooka har hatt suksess i Haugesund før - under Sildajazz! (Foto: Thor Inge Døssland)

**Bandet Brazzooka er verkeleg i elden for tida og siste nytt  
er eit storoppdrag i Haugesund. Etter å ha lagt bakseg ei travel  
og god øvingshelg, reiser dei i morgen  
til Haugesund og spelar i lufthamna allereie frå klokka 8.  
Det skjer i samband med det store reiselivsarrangementet  
Norwegian Travel Workshop, som varar fram til 7. april.**

Etter å ha spela utover dagen på flyplassen skal dei spela  
ved inngangen til byscena under velkomstarrangementet.  
Om kvelden opptrer dei på utestaden Kraznapsk.

Under det som skjer i Haugesund får bandet presentert seg  
skikkeleg for eit stort og interessant publikum og det kan fort  
utløysa fleire oppdrag.  
TV Haugaland har også oppdaga bandet. Det fortel linken  
<http://www.tvh.no/nyheter/23774#>. Der er også link til video.

Onsdag drar så Brazzooka til Trondheim og der får  
dei unge musikarane oppleva det største dei har opplevd til no  
i eit stutt og hektisk karriere.

Dei skal varme opp for dei  
amerikanske verdsstjernane og førebileta The Youngblood Jazzband under  
festspela i Trøndelag og dermed går ein draum i oppfylling.

Av Ola Matti Mathisen

